




Bulken barnehage

Visjon - Bulken barnehage skal vera ein trygg stad å vera, leika og læra.



Dagens organisering



Kapasitetsutnytting

Barnehageår	2014	2024
Barn under 3 år	11	13
Barn over 3 år	21	17
Total tal barn	32	30
Godkjent leike- og oppholdsareal*	167,4	
Nytta areal*	142,3 m ²	136,9 m ²
Ledige tal plassar, areal (gjennomsnitt)**	5,3	6,5

*Barn under tre 5,3 m², store barn skal ha 4,0 m².

**I utrekningane er det rekna gjennomsnitt areal plassar 4,65

Bemanning 2024

Årsverk leiarressurs	60%
Årsverk pedagogisk leiar	440%
Annan grunnbemannning	340%
Median alder, tilsette	45
Kompetansebehov – Kva manglar me?	



Grunnbemanning


Bemanningsnorm	2016	2024
Tal barn per vaksen (norm 6)	6,4	5,5

Pedagognorm

Pedagognorm	2016	2024
Tal barn per pedagog (norm 14)	11,8	10

Økonomi

Netto driftsresultat 2023	5 375 600
Netto driftsresultat 2024	5 439 724,-



*Gjennomsnitt kostnad per barn i 2024

Bygningsmasse

Byggjeår	1950
Bruksareal	355 m ²
	Barnehagen held til i den gamle skulestova, og er bygd «saman med» Bulken skule. Dei tilsette i barnehagen og på skulen deler blant anna pause- og arbeidsrom.
	Teknisk tilstand
	Funksjonelt eigna
	Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta frå tabell 3-3 rapport frå Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

Andre tilhøve

Reiseveg til Vossevangen	6,9 km	9 min.
Reiseveg til Evanger barnehage	15,3 km	16 min.
Særlege tilhøve ved barnehagen	2-3 dagar i veka er «Solsikke» ute, på sin faste lavvoplass	

1 Det er nytta google-maps for å finne reiselengd og køyretid

Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Tilknyting til skular i nærområdet	Nærskulen er Bulken skule
Tilknyting til andre tenester	Næraste sentrum med butikk, bank osb. er Vossevangen
Bustad og næring	Spreidd busetnad og mykje landbruksareal rundt barnehagen



Eit utdrag av tilbakemelding frå foreldre og tilsette

Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

Dette er me nøgde med

- Barnehagen sitt verdigrunnlag, dei kjende vaksne og moglegheita ungane får til å medverka i kvardagen.
- Bruk av nærmiljøet i kvardagen, mellom anna med gardsbesøk, turar til Vangsvatnet ol. Vidare at ein har utegruppe to dagar i veka.
- Samarbeid mellom barnehage – heim og barnehage – skule
- Barnehagen kan bruka rom på skulen (gymsal, SFO, klasserom) ved behov og når det er ledig i ferier brukar me skuleplassen.
- Gode pedagogar som er støttande stillas for både barn, som ser barna sine behov og interesser
- Blander barnegruppene,- dei store er inne med dei små og omvendt. Dette gjer også at alle kjenner alle, både barn og tilsette
- Leggja til rette for gode og utviklende dagar for barna

Forbetningsområde

- Personalattleiken, manglar folk innimellom
- Dagleg dialog ikkje populær
- Hadde barnehagen vore større hadde det vore plass til fleire barn
- Barnehagen er i eit gammalt skulebygg og ber preg av det. Ynskjer grovgarderobe, større soveskur med plass til alle vognene, fleire små grupperom. Likevel relativt velhold grunna god vaktmeister.

Kva er viktigast for dykk som føresett når det gjeld kvardagen til borna i barnehagen?

Tryggleik, tilhörsle, utvikling og læring. Når ein hentar barnet og merkar at det har hatt ein god dag og ein vert møtt av kjente vaksne. Vaksne som tar seg alltid tid til å fortelja korleis barnet har hatt det.

Kva betyr det for dykk at det finst ein barnehage i nærmiljøet?

ALT – Logistikk, viktig for å skapa levande grender, fellesskap og identitet til bygda.

FAU om fordeler og ulemper ved strukturendring

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none">• Barnehagen skulle hatt større plass, det er venteliste.	<ul style="list-style-type: none">• Endringar av barnehagestrukturen i grendene skapar større press på barnehagane i sentrum• Brå endringar og samanslåingar skapar uro og usikkerheit, kan føre til at ein mistar verdifull kompetanse.• Ein mistar mykje positiv, sjå punkta ovanfor.



FAU om uro ved endring av barnehagestrukturen og deira viktigast bodskap

FAU i Bulken sine viktigaste bodskapar er at det trengs barnehagar på bygda og at ein må tenke på barnets beste. Dei oppmodar politikarane til 1. Styrk og profiler dei små barnehagane, 2. delt leiarressursar og tverkommunalt samarbeid, 3. bruk fleksibel bemanningsmodell, 4. avgrensa investeringar og innkjøp i overgangsperioden, 5. start gradvis omstilling med full involvering.

Innspela frå FAU, i sin heilskap finn du som vedlegg til den politiske saka.